

Det går mot ny skule i Uskedalen.

I åra frå 1960 og utover blei romtilhøva ved Uskedalen skule vanskelegare etter kvart. Elevtalet hadde auka så skulen blei 5-delt, og det var innført 4. og 5. skuledag som og gjorde sitt til at det blei trangt om plassen. Utanom dei to skulestovene var det ledig eit rom i 2.høgda. Til dette rommet førde ei bratt og smal trapp. Dessutan var det skråtak i rommet så takhøgda blei liten. Rommet var såleis lite eigna til klasserom, og det blei heller ikkje nytta mei enn to skuleår. Nytt skulerom blei ordna til i gamlebutikken til samyrkelaget. Dette var i grunnen eit greitt rom, men ein hadde den situasjonen at elevane måtte gå eit lite stykke etter riksvegen for å koma til og frå leikeplassen i kvart friminutt. Frå hausten 1965 vart Uskedalen skule 6.-delt, og det blei naudsynt med ei skulestove til. Såleis blei ein klasse gåande i småsalen i bedehuset, ein klasse i gamlebutikken til samyrkelaget, og resten av elevflokkjen gjekk i gamleskulen. Skulen blei på denne måten spreidd utover, og det kunne vera vanskeleg for lærarane å halda kontakten og driva samarbeid. Dessutan blei fag som gymnastikk skadelidande under slike tilhøve. Det gjekk stort sett på tøy og bøy når veret ikkje var lagleg til å vera ute. Då var det godt å tenkja på at ny skule ikkje var så langt borte.

Den 26. juni 1962 blei krinstilsyna ved Haugland- og Uskedalen skule orienterte av dåverande skuleinspektør K. Ullaland om reising av nytt skulebygg i Uskedalen. Inspektøren gjekk ut frå tre punkt:

I. Skal ein tenkja på å få folkeskulen utbygd uavhengig av om ungdomsskulen vert lagd til Uskedalen?

II. Skal ein byggja etter mønsteret 7 + 2 eller 6 + 3 ?

III. Skuleplassen ?

Til punkt I gjekk vedtaket ut på at ein fekk sjå bort frå ungdomsskulen i første omgang.

Til punkt II var det semje om mønsteret 7 + 2.

Til punkt III vart det vedteke at ein kunne ikkje fastsetja plass no, og inspektør Ullaland oppmoda formannen i krinstilsynet ved Uskedalen skule å ta opp spørsmålet om skuleplass i sammøte med krinsane Haugland og Uskedalen.

Nytt sammøte for krinsane Haugland og Uskedalen blei halde den 5. okt. 1962. Skuleinspektør Ullaland orienterte om romprogram for Uskedalen nye skule.

Romprogram.

4 klasserom a 60 m	240 m ²
1 " hjelpe- og støtte	40 ,,
1 kroppsøvingsrom	175 ,,
1 Aktivitetsrom	150 ,,
1 Rom for skule-og folkeboksm	50 ,,
Lærer og styrarkontor m/birom	45 ,,
Elevtoalett	30 ,,
lækjarrom	40 ,,
Netto rom	<hr/> 770 m ²
+50% tillegg	390 ,,
Brutto	<hr/> 1160 m ²

Det vart ved-teke å leggja saka om romprogram og saka om ny skuleplass fram for krinsmøte som vart halde i ,,Helgheim,, 19. Okt. 1962

Framlegget som fekk fleirtal lydte slik: Samla til krinsmøte for Uskedalen og Haugland krinsar til uttale om romprogram for ny skule vil møtelyden seia klårt frå at vi held på skulemønsteret 7 + 2 og at romprogrammet for skulen vert lagt opp etter det. Skulekjøken går vi ut frå vert i den linedelte ungdomsskulen som det er framlegg om skal leggjast til Uskedalen. Elles vil ein be om arkitekten ved planløysinga av romprogrammet tek omsyn til at skulekjøken kan byggjast til seinare. Vi strekar elles under at mønsteret 7 + 2 er det vi ser som den beste skuleordninga for Kvinnherad. Saka om skuleplass vart utsett etter at den gamle skuleplassen med tillegg vart kondømd. Nemnd til å koma med framlegg til ny skuleplass blei vald. Nemnd: Krinstilsyna for Uskedalen og Haugland + skulestyremedlemene for dei same krinsane. Denne nemnda var på synfaring 27. okt. 1962. Ein såg på to plasser

1. Stølen hjå T.S. Myklebust
2. Utmarka til Johannes Kjærland.

Framlegg 1: Etter å ha vurdert alle tilhøve når det gjeld staden for ny skule og leikeplass, finn ein at Stølen nedanfor husa til T.S. Myklebust er den høvelegaste staden. Eit mindre tillegg hjå Erling Larsen og Margit Myklebust må kjøpast inn for at plassen kan verta stor nok. Heile plassen bør vera 8 dekar. Dette framlegget fekk 7 røyster, og framlegg 2: Utmarka til Johannes Kjærland vert vald til ny skulestad, fekk 2 røyster. I krinsmøte 9. nov. 1962 fekk første framlegget 90 røyster og framlegg 2 fekk 22 røyster. Med det var plassen for den nye skulen fastlagd, og arbeidet med reising av ny skule kunne ta til. Men det hasta med å få reist ny skule, og det vart i sammøte mellom krinsane Haugland og Uskedalen i møte den 28. juni 1963 semje om å oppmoda skulestyret om å få meir fart i løysinga av denne saka. Følgjande framlegg til skriv til skulestyret vart samrøystes vedteke:

1. Skulestyret vert oppmoda om å få godkjent den nye skuleplassen av bygningsråd, regulering og skulemyndigheter, og vidare be heradstyret fremja kjøp, event. oreigning av tomt så snart som råd.
2. Skulestyret vert oppmoda om å ta arbeidet opp for å få reist det nye skulehuset i Uskedalen etter det romprogrammet som er godkjent av departementet. Ein er lei for at ikkje skulekjøken er teke med, og ein vil be om at det ved planløysinga vert teke omsyn til at det kan byggjast til seinare. Det må også takast med i planane at det kan byggjast til fleire klasserom for skuld den store folkeauken som vi kan rekna med i bygda vår.

Det er eit vilkår at samarbeidet med idrettslaget kjem i stand såleis som føresetnaden er for storleiken på gymnastikksalen og eit klasserom ekstra.

Dessutan vil vi streka under at vi ser mønsteret 7 + 2 som den beste skuleordninga for vårt distrikt.

Krinstilsynet vil og be om at ein som arkitekt til den nye skulen nyttar arkitekt E. Vaardal - Lunde som også har utarbeidinga av reguleringsplanen for Uskedalen.

Elevane ved Uskedalen og Haugland skular hadde blitt køyrde til Rosendal for å få opplæring i skulekjøken. Når det no skulle byggjast ny skule i Uskedalen var det sterkt ønskje om at skulekjøken for elevane frå Uskedalen blei i den nye skulen. Og i møte 13. des 1963 for dei to skulekrinsane i Uskedalen vart det semje om at ein måtte gjera kva ein kunne for å få til skulekjøken ved Uskedalen nye skule. Under sak 1 blei det referert skriv frå skuleinspektør Ullaland dagsett 6. nov. 1963 om romprogram for Uskedalen nye skule med søknad om skulekjøken.

Vedtak: Krinstilsyna ber Magne Rød og Thor Myklebust om å ta ei samråding med skuledirektøren om det er mogeleg å få byggja skulekjøken

ved Uskedalen nye skule.

Resultatet til slutt blei at ein fekk laga til for skulekjøken i aktivitetsrommet. Dette førte med seg at ein måtte byta om romma for sløyd og handarbeid, og dermed blei rommet som sløyden fekk i minste laget, og det kunne bli trangt om plassen dersom det var meir enn ti gutar i klassen. Dette blei betre seinare når det vart vanleg at jentene og skulle ha sløyd og gutane handarbeid. Då kunne ein meir dela klassen på midten slik at eine halvparten hadde sløyd medan den andre halvparten hadde tekstilforming.

Då skuleåret tok til hausten 1966 stod den nye skulen så ferdig at han kunne takast i bruk. Ein skulle tru at det var rikeleg plass i den nye skulen som hadde 5 vanlege klasserom på 60 rtm. kvar og eit klasserom på 40 rtm., men han var heilt sprengd alt frå første dagen. Ein hadde 6 barneskuleklassar og to framhaldsskuleklassar, og det førte med seg at klassar måtte ambulera mellom klasseromma. Det var likevel ein stor dag både for elevar og lærarar å få byrja nytt skuleår i ny skule, og med nytt inventar og ein del nye læremidlar. Det ein kanskje merka mest i overgangen frå gamleskulen var at ein hadde fått alle samla under eitt tak, og så hadde ein fått gymnastikksal med kvar sitt omkleddingsrom for gutar og jenter og dusjrom. for lærarane blei det eit stort omskifte frå å halda seg i klasserommet heile dagen og no å kunna gå inn på lærarrommet og slappa av litt i friminutta og treffa kollegaer.